



AUKRA KOMMUNE TEKNIKK, EIGEDOM OG BRANN  
Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA

## Aukra kommune - Småge småbåthavn - endring 05 - Uttale til varsel om oppstart for etablering av ny molo mm

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

### Bakgrunn

Aukra kommune har sendt oss varsel om oppstart av reguleringsplan Småge småbåthavn, endring 05.

Hensikta med planarbeidet er å etablere ny molo, kai til servicebåt for oppdrettsnæring, utvide naustområde, privat båtplass, parkering for bil og bubil, lager og verkstad og overnatting og vidareføre gjeldande reguleringsplan.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

### Planvurdering og konsekvensutgreiing

Gjeldande reguleringsplan skal opphevast når ny plan blir vedtatt. I kommuneplanen er arealet på land satt av til småbåthamn (R57) og LNF, medan arealet i sjø har formål NFFFA.

Reguleringsplanen skal konsekvensutgreiast.

### Natur- og miljøvern

Vi legg til grunn at tiltaka blir vurdert opp mot allmenne interesser, friluftsliv- og naturverninteressene i området, samt landskapsomsyn.

Vi spelar inn at planen bør sørge for ein stad der ein kan legge ut og ta opp kajakkar.

### Universell utforming

Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven stiller krav til universell utforming av bygningar, anlegg og uteområde etter reglane som er fastsett i plan- og bygningsloven og teknisk forskrift.

8 departement har saman utarbeidd handlingsplan om [Bærekraft og like muligheter – et universelt utformet Norge 2021-2025](#), med visjon om eit samfunn der alle kan delta. Strategien som bidra til eit berekraftig og likestilt samfunn gjennom utforming av fysiske og tekniske omgivnader.

KMD har juni 2021 utarbeidd [ny rettleiar](#) om Universell utforming i planlegging. Kommunen bør også vurdere universell utforming i dette anlegget.

### Konklusjon

Vi viser til våre faglege råd og ber om at dei blir tatt omsyn til i vidare planarbeid.

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)  
plansamordnar

Kristin Eide  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

### Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fiskeridirektoratet  
Kystverket

Fylkeshuset  
Postboks 185 Sentrum  
Postboks 1502

6404 Molde  
5804 Bergen  
6025 ÅLESUND



## Statens vegvesen

AUKRA KOMMUNE  
Kommunehuset  
Nyjordvegen 12

6480 AUKRA

Behandlende enhet:  
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:  
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:  
23/124795-2

Deres referanse:  
PLAN-23/00016-1

Vår dato:  
12.07.2023

### Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplan Småge småbåthavn, endring 05 – Aukra kommune

Vi viser til brev datert 29.06.2023.

#### Saken gjelder

Formålet med planendringen er å legge til rette for følgende:

- Etablere ny molo med lengde på ca. 100 meter.
- Etablere kaier for servicebåter til oppdrettsanlegg.
- Utvide naustområdet N1.
- En større privat båt plass med framtidig overbygg blir skilt ut fra naustområde N1 og gitt eget formål.
- Etablere flere parkeringsplasser for biler.
- Etablere parkering/oppstillingsplass for bobil/campingvogn med mulighet for tilkobling til landstrøm.
- Etablere lagerbygg/verksted med mulighet for overnatting i andre etasje (kombinert arealformål).

#### Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss på vegne av staten som forvalter av riksveg og etaten sine egne kulturminner, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafikk sikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

### **Våre innspill til planarbeidet**

Vi har ingen særlige merknader til planendringen, med unntak av at etablering av oppstillingsplass for bil/campingvogn og overnattingssted bør vurderes på et mer overordnet nivå før det tas inn som et formål i reguleringsplanen. Dette for å unngå etablering av mer eller mindre tilfeldige turistområder uten at det ligger til rette for det. Vi ber om at kommunen tar stilling til dette i det videre arbeidet med reguleringsplanen, der blant annet transportbehov og konsekvenser for trafikk sikkerheten i området vurderes.

Transportforvaltning midt  
Med hilsen

Linda Heimen  
seksjonssjef

Vidar Neraas  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



Aukra kommune  
Att:  
Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA

## Uttale til varsel om oppstart av - Reguleringsplan Småge småbåthavn - endring 05 - Aukra kommune

Vi viser til oversending datert 29.06.2023.

### Saka gjeld

Føremålet med planarbeidet er

- Etablere ny molo med lengde på om lag 100 meter.
- Etablere kaier for servicebåter til oppdrettsanlegg.
- Utvide naustområde N1.
- Ein større privat båtplass med framtidig overbygg vert skilt ut fra naustområde N1 og gitt eige føremål.
- Etablere fleire parkeringsplassar for bilar.
- Etablere parkering/oppstillingsplass for bobil/campingsvogn med moglegheit for tilkobling til landstraum.
- Etablere lagerbygg/verksted med moglegheit for overnatting i andre etasje (kombinert arealføremål).
- Vidareføre øvregge arealføremål frå gjeldande reguleringsplan saman med tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene.
- Oppheve og erstatte gjeldande reguleringsplan i si heilheit med heimel i plan og bygningslova § 12- 14.

### Fiskeridirektoratet si rolle i saka

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Samfunnsoppdraget overlappar i stor grad med FNs berekraftmål nummer 14 «Bevare og bruke havet og dei marine ressursane på ein måte som fremjar berekraftig utvikling». Vi skal ivareta fiskeri- og havbruksnæringane sine interesser i planarbeid.


## Generelle råd om arealplanlegging for fiskeri og akvakultur

På nettsida [Arealplaner \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no/Arealplaner)<sup>1</sup> har Fiskeridirektoratet samla si generelle planretteiing om fiskeri og akvakultur. Der informerer vi og gjev råd om mellom anna

- arealbehovet til sjømatnæringane
- kunnskapsgrunnlaget i kartløysninga «Yggdrasil»
- kriterium Fiskeridirektoratet nyttar for å vurdere kva spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning innanfor saksområda fiskeri, og tang og tarehausting, jamfør plan- og bygningslova § 5-4
- korleis fiskeri- og akvakulturinteresser kan sikrast i plankart og -føresegner

## Fiskeri- og akvakulturinteresser i området

I denne saka vil vi gjere særleg merksam på at Havforskningsinstituttet har registrert eit gytefelt for torsk i Smågevågen:



Skjermdump frå Yggdrasil [Plan og sjøareal \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no/Plan-og-sjøareal)<sup>2</sup>

Bestandane av kysttorsk har gjennom mange år gått tilbake. Det er ei prioritert oppgåve for Fiskeridirektoratet å ta vare på gytefelta, og beskytte dei mot skadelege tiltak, særleg i gytetida og i tidsrommet med egg og larvar i vassmassane etter gyting. Kysttorsken har si gytetid frå februar og ut april. Dei påfølgjande månadane frå mai og ut juni er kritiske med omsyn til egg og larvar. Fiskeridirektoratet rår generelt ifrå større tiltak i sjø som representerer trugsmål i tidsrommet frå februar og ut juni.

Vi oppmodar dykk til å ta omsyn til gytefeltet i planarbeidet, til dømes ved å inkludere omsynet til gyteperioden i planføresegnene.

I Havforskningsinstituttet sin «Kunnskapsveileder for marine naturverdier og tiltak i kystsonen» er gytefelt særleg omtala på denne sida: [Gytefelt | Havforskningsinstituttet \(hi.no\)](https://www.havforskningsinstituttet.no/gytefelt).

Fiskeridirektoratet har per i dag elles ikkje innspel til varsel om oppstart utover dei som følgjer av den generelle rettleiinga på nettsidene våre.

<sup>1</sup> <https://www.fiskeridir.no/Areal-og-miljo/Areal/Arealplaner>

<sup>2</sup>

<https://portal.fiskeridir.no/portal/apps/webappviewer/index.html?id=4b22481a36c14dbca4e4def930647924>

**Vidare planprosess**

Fiskeridirektoratet ber om at innspilla ovanfor vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Ved vidare kontakt i saka, ver venleg å vise til vårt saksnr. 23/8953 og nytte e-post-adressa [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no).

Med helsing

Tom Hansen  
konstituert seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*

**Mottakarliste:**

Aukra kommune Nyjordvegen 12 6480 AUKRA

**Kopi til:**

Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Statsforvaltaren i Møre Og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Sør-Norges Fiskarlag	Postboks 936	6001	Ålesund





KYSTVERKET

AUKRA KOMMUNE  
Kommunehuset Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA

Dykkar ref	Vår ref	Arkiv nr	Sakshandsamar	Dato
PLAN-23/00016-1	2023/3167-4		Tormod Hjørungnes Engen	19.07.2023

## Fråsegn til varsel om oppstart av - Reguleringsplan Småge Småbåthavn - endring 05 - Aukra kommune - Møre og Romsdal fylke

Vi viser til dykkar varsel datert 29.06.2023 som gjeld ovannemnde reguleringsarbeid.

Planarbeidet gjeld endring av gjeldande reguleringsplan for småbåthamna der føremålet mellom anna er å etablere ny molo med lengde på omlag 100 meter, etablere kaier for sørvisbåtar til oppdretnæringa, utvide naustområde N1 m.m.

### Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeid


Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining og høyrer til under Nærings- og Fiskeridepartementet.

Vi tek ansvar for sjøvegen og produserer viktige fellesgode for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og som bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet.

Kystverket har fått i oppdrag å bidra til utvikling av eit heilskapleg og velfungerande transportsystem med farleier, hamner og hamneterminalar som er særst viktige for næringsutviklinga langs med kysten, for at norske bedrifter kan inngå i større handels- og produksjonsnettverk og for at personar skal kunne reise mellom heim og arbeidsstad.

Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på våre [nettsider](#)<sup>1</sup>. Her finn ein og styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegginga etter plan- og bygningslova.

<sup>1</sup> <https://www.kystverket.no/sjovegen/arealplanlegging/>





## Vår vurdering



Avgrensinga av planområdet er vist på bildet ovanfor. Kystverket har ein navigasjonsinstallasjon i form av ei stang innanfor planområdet og i den grad det vert regulert inn tiltak som gjer det naudsynt med flytting og fjerning av dette sjømerket vil det krevje eit løyve frå Kystverket i medhald av § 10 i hamne- og farvasslova.

Vi kan elles ikkje sjå at reguleringa vil få særskilde konsekvensar for sjøtransporten sine rammevilkår, statlege farvatn og andre omsyn Kystverket tek i vare i medhald av hamne- og farvasslova. Vi har såleis ikkje særskilt å merke til komande planarbeid.

Vi vil likevel gjere merksam på at moloanlegg er eit tiltak som kan påverke ferdsle og tryggleik i farvatnet og kan vere avhengig av løyve etter hamne- og farvasslova § 14. Då tiltaket i dette tilfellet vert plassert i kommunalt farvatn vert det kommunen si oppgåve å vurdere tiltaket opp mot omsyna i lova og elles til anna bruk av sjøarealet. Søknadsplikt etter hamne- og farvasslova er sjølvstendig og vil gjelde parallelt med eventuell søknadsplikt etter plan- og bygningslova.

Med helsing

Tanya Boye Worsley  
fung. avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Postboks 2500	6404	MOLDE
Postboks 2520	6404	MOLDE

**From:** "Aukra - Post"  
**Sent:** Mon, 24 Jul 2023 12:38:59 +0200  
**To:** "Notøy, Svein Rune" <svein.rune.notoy@aukra.kommune.no>  
**Subject:** VS: Reguleringsplan Småge småbåthavn, endring 05 – melding om oppstart.  
PLAN-23-00016-1  
**Attachments:** Kart Elinett 20230724.pdf

---

**Fra:** Even Holmgren <even.holmgren@elinett.no>  
**Sendt:** 24. juli 2023 12:22  
**Til:** Aukra - Post <post@aukra.kommune.no>  
**Emne:** Reguleringsplan Småge småbåthavn, endring 05 – melding om oppstart. PLAN-23-00016-1

Hei.

Viser til deres brev av 29.06.2023 med melding om Reguleringsplan Småge småbåthavn, endring 05 – melding om oppstart.

Behandlende enhet:	Aukra Kommune
Saksbehandler:	Svein Rune Notøy
Deres ref.:	PLAN-23-00016-1

Elinett AS er et nettselskap som leverer elektrisk kraft til ca. 32.000 kunder i sitt konsesjonsområde, som er kommunene Molde, Hustadvika, Gjemnes og Aukra.

**Elinett AS har følgende kommentar til reguleringsarbeidet:**

Oversikt over vårt nettanlegg i området er vist i vedlagt kart. Plasseringen av vårt nettanlegg vedlagt kart er kun retningsgivende, nøyaktige posisjoner må fastslås ved befarings og/eller innmåling.

Hvis det blir nødvendig å flytte eller endre på vårt nettanlegg må utbygger dekke kostnadene med dette, helt eller delvis.

Når det foreligger en godkjent reguleringsplan, ønsker vi å få tilsendt reguleringsplanen elektronisk på SOSI-fil.

Når det gjelder utbyggingen er det viktig at utbygger tidlig tar kontakt med Elinett for å orientere om tiltaket, slik at vi får vite hvor omfattende prosjektet er. Dette kan for eksempel omfatte flytting, endring og utvidelse av vårt nettanlegg, hvilket kraftbehov utbygger har osv. Med tidlig dialog mellom Elinett og utbygger ( gjerne konsulent/rådgiver/installasør) kan vi bli enige om en god løsning for alle parter.

Vi vil sørge for å prosjektere en anleggsløsning som dekker behovet, og ved enighet om løsningen og kostnadene skal utbygger betale inn anleggsbidrag før prosessen går videre. Deretter må det påregnes 3 – 5 uker til planlegging og detalj-prosjektering, pluss 10 – 12 ukers leveringstid på utstyr før anleggsstart. I enkelte tilfeller kan det gå lengre tid, dette avhenger av hvor komplisert prosjektet er.

For næringsbygg/forretningsbygg/industribygg/boligblokker og lignende, der inntakskabel skal inn til fordelingstavle eller hovedtavle, er det meget viktig at utbygger sørger for at det blir opprettet dialog mellom utbyggers elektrofaglige rådgiver og Elinett.

### **Elinett praktiserer følgende for anleggsbidrag på nye anlegg:**

Kostnadene med nettutbygging til nye uttak, eller forsterkning av eksisterende nett, skal inndeckes gjennom å kreve inn anleggsbidrag fra kunden. Dette er bestemt av myndighetene ved NVE.

Alle grunnkostnader (grøft, masser og øvrige gravekostnader) skal dekkes av utbygger/kunden. Grunnkostnadene kan eventuelt inngå i anleggsbidraget. Anleggsbidraget tilsvarer total anleggskostnad for Elinett sitt elektriske anlegg.

Anleggsbidraget vil vi estimere ut fra de opplysningene vi har, og det skal være innbetalt før arbeidet med nettanleggene oppstartes. Anleggsbidraget er avgiftsfritt, dvs. uten moms.

Ved utbygging av et felt med flere boenheter vil Elinett forholde seg til utbygger av feltet, ikke den enkelte husbygger. Mer informasjon om anleggsbidrag finnes på Elinett sine hjemmesider, se <https://www.elinett.no/proff/anleggsbidrag>

Når nettanlegget er ferdigstilt vil vi regne ut det endelige anleggsbidraget, basert på faktiske kostnader. Differansen mellom estimert og endelig anleggsbidrag vil bli fakturert/kreditert kunden. Elinett kan etter regelverket kun kreve at kunden dekker overskridelser inntil 15 % av det estimerte anleggsbidraget, forutsatt at overskridelser ikke skyldes forhold på kundens side.


Ytterligere informasjon sendes til [nett@elinett.no](mailto:nett@elinett.no)

Med vennlig hilsen  
**Even Holmgren**  
Seksjonsleder Plan



Plutovegen 5, 6419 Molde  
Tel.: 934 932 72 | [even.holmgren@elinett.no](mailto:even.holmgren@elinett.no) | [elinett.no](http://elinett.no)

Elinett Åpen



- |                |                |                       |                       |
|----------------|----------------|-----------------------|-----------------------|
| — 230 V linje  | — 400 V kabel  | ■ Kabelskap           | ■ Plan: Prosjekt      |
| — 400 V linje  | — 1 kV kabel   | ● Abonnent            | ■ Plan: Reinvestering |
| — 1 kV linje   | — 11 kV kabel  | ● 132kV mast          |                       |
| — 11 kV linje  | — 22 kV kabel  | ● 22kV mast           |                       |
| — 22 kV linje  | — 132 kV kabel | ● 11kV mast           |                       |
| — 132 kV linje | ■ Nettstasjon  | ● 1kV mast            |                       |
| — 230 V kabel  | ■ Mastetrafo   | ■ Plan: Nettmeldinger |                       |

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.

**elinett**

Elinett AS

Dato: 2023.07.24  
Sign: evhol



Målestokk  
1:2000



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Aukra kommune  
Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
PLAN-23/00016	29.06.2023	82849/2023/REGULERINGSPLAN/1547	Synnøve Valle, 71 28 02 39	02.08.2023

## Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsplan Småge småbåthamn - endring 05 - fråsegn ved oppstart

*Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### INNLEIING

Saka gjeld oppstart av reguleringsplan Småge småbåthavn, endring 05. Endringa inneber å etablere ny molo, kai til servicebåt for oppdrettsnæring, utvide naustområde, privat båtplass, parkering for bil og bubil, lager og verkstad, overnatting og vidareføre gjeldande reguleringsplan.

Endringane inneber at det vert løyst ut krav til konsekvensutgreiing, jamfør Forskrift om konsekvensutredningar, § 8 og vedlegg II, punkt k.

### INNSPEL TIL PLANARBEIDET

#### Samferdsel

Fylkesveg 531 ved planområdet og fylkesvegen si byggegrense

Fylkesveg 531 har på strekinga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 160 køyretøy, og fartsgrense 80 km/t. Fylkesvegen er i rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser gitt haldningsklasse «streng» og ei generell byggegrense på 50 meter målt frå senterlinje fylkesveg. Vi føreset at byggegrensa i gjeldande reguleringsplan blir vidareført.

### Fylkesvegen sitt sideareal

Fylkesvegen sitt eigedomsområde, sikkerheitssone og ervervsareal må bli regulert til formålet «annan veggrunn». Ervervsarealet er sikkerheitssona + 2 meter målt frå vegkant. Sikkerheitssone blir bestemt ut ifrå krava i handbok N101.


### Køyretilkomst frå fylkesveg

Avkøyrsl frå fv. 531 må regulerast i tråd med Statens vegvesen si handbok N100, og det må bli knytt rekkefølgekrav til opparbeiding/utbetring av avkøyrsl i tråd med vegnormalane. Dei tekniske krava til utforming er avhengig av mengde og type trafikk som skal nytte køyretilkomsten. Forventa trafikk i køyretilkomsten og talet på store køyretøy må derfor vere opplyst.

### Frisiktsoner

Vi minner om at frisktzone i avkøyrsl/kryss til planområdet må visast som omsynssone i plankartet, og det må bli knytt føresegn til omsynssona så sant ikkje frisktsonene berre går over vegareal (fortau, gang- og sykkelveg, køyreveg, annan veggrunn). Dersom frisktsonene går over annan person sin eigedom eller anna byggeformål enn vegformål, må frisktsona visast som omsynssone i plankartet.

Døme:



Planføresegnene må tilpassast slik at det kjem klart fram kva som er lov innanfor frisktsonene (*anten som omsynssone-føresegn eller som føresegn under avkøyrsl og kryss*).

Det er etablert rekkverk langs fv. 531. Dette kjem innafør frisktsona i avkøyrsla og vil vere sikthindrande. Det må gjerast tiltak slik at rekkverket kan takast bort eller bli flytta utanfor siktsonene. Dette må skildrast i planomtalen og sikrast gjennom rekkefølgekrav i føresegnene.

Dersom tiltak med tanke på rekkverka ikkje let seg gjennomføre, er siste alternativ fråvik. Dersom planforslaget krev fråvik, må fråviket vere behandla før planforslaget kan bli vedtatt. Om fråvik ikkje blir avklart tidleg nok, kan fråvik som ikkje blir godkjent føre til forseinkingar i planprosessen. Ta gjerne kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune ved spørsmål om fråvik og fråviksbehandling. For nærare informasjon

om søknadsskjema og rettleiing, sjå: [Korleis søke om fråvik frå vegnormalane \(mrfylke.no\)](#) og [Fravik fra krav i vegnormal | Statens vegvesen](#).

Konsekvensar av fråvik skal utdjupast i fråviksskjemaet i forhold til løysingar utan fråvik. Søkaren skal vurdere alternative eller avbøtande tiltak for å redusere eventuelle negative konsekvensar av fråviket. Konsekvensane skal vere objektivt framstilt og i størst mogleg grad kvantifiserte.

Vi gjer merksam på at manglande vurderingar og/eller krav til nødvendige tiltak kan medføre motsegn til planforslaget.

Vi oppfordrar til tidleg dialog om denne reguleringsplanen, gjerne i forkant av offentleg ettersyn. Tidleg dialog kan luke ut grunnlag for motsegn til planforslaget. Ta gjerne kontakt for eit ev. møte om det er behov for det.

### **Automatisk freda kulturminne**

Det ligg ei automatisk freda gravrøys ID 144070 på det høgste punktet på den ytre delen av neset, like utanfor plangrensa. Det er viktig at endringa i planen ikkje fører til tiltak i nærleiken både på land og sjø som skjemmer gravrøysa og tilknytninga den har til sjøen.

### **Universell utforming**

Prinsippet for universell utforming skal leggest til grunn i alt planarbeid. Ved å tenke universell utforming kan ein gjennom planlegging skape løysingar som gjer det mogleg for alle å delta i samfunnet, uavhengig av livsfase og funksjonsnivå.

### **KONKLUSJON**

- Vi oppfordrar til tidleg dialog om samferdselsløysingar i planen. Ta gjerne kontakt for møte.
- Det er viktig at endringa i planen ikkje fører til tiltak som skjemmer gravrøysa som ligg like utanfor plangrensa.
- Vi minner om prinsippet for universell utforming.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm  
fylkesplansjef

Synnøve Valle  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

### Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Mona Skram Rustad, tlf. 71 28 05 17

Automatisk freda kulturminne: rådgivar Susanne Busengdal, tlf. 71 28 02 75

Kopi:  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen  
Kystverket



Aukra kommune  
Postboks 64  
6481 AUKRA

**Vår dato:** 09.08.2023  
**Vår ref.:** 202310602-2 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 23/00016

**Sakshandsamar:** Ole-Jakob Sande,  
22959545, ojs@nve.no

## **NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med endring av reguleringsplan for Småge småbåthamn i Aukra kommune**

Vi viser til varsel om oppstart datert 29.06.2023.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer å gi konkrete innspel og uttala til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varsel om oppstart til reguleringsplanar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

### **NVE si generelle rettleiing**

NVE sin [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#) er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.



På NVE sine nettsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på [NVE sine kartløysingar](#).

### **NVE si oppfølging av planarbeidet**

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE har tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### **Mottakarar:**

Aukra kommune

### **Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL  
Møre og Romsdal fylkeskommune



Aukra kommune  
Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA

Deres ref.  
PLAN-23/00016-1

Vår ref.  
23/00121-2

Saksbehandler  
Bjørnar Aksenvoll

Dato  
20.09.2023

## Reguleringsplan

Viser til Deres brev/e - post datert 29.6.2023, vedrørende ovennevnte sak.

Molde og Romsdal Havn IKS har ingen merknader til «Reguleringsplan Småge småbåthavn – melding om oppstart», men gjør oppmerksom på at alle tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i sjøområdet er søknadspliktig i henhold til «Lov om havner og farvann»  
Molo og kaier vil være søknadspliktig i henhold til § 14 og §16 i *Havne og farvannsloven*.

Med hilsen

Bjørnar Aksenvoll  
Prosjektleder/havneinspektør

Arve Solholm  
Havnekaptein

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*